

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 08.02.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Kenneth Vikane, Jan Tore Huus, Thorleif Gjernes, Tirill Eiken og Kaia Gulbrandsen

Forfall:

Referent: Kaia

Sak 2022/09: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2022/10: Godkjenning av referat frå styremøte 11.01.2022. Godkjent

Sak 2022/11: Eigedomar:

- Lagerlokale i barnehagen, nytt flyttetidspunkt ut av rektorkontoret innan 01.03.22.
- Leigeavtalen på Meieriet med Kramsjø går ut 31.12.22. Denne må reforhandlast til hausten.

Sak 2022/12: Tilstellingar:

- Planlegging- og samarbeidsmøte for lag og organisasjonar; vert 20.03 kl. 17.30. Dette er etter årsmøtet til bygdelaget. Det vert servering av betasuppe kl. 17.00.
- Velkommen til bygdelagsbasar laurdag 26.02.2022 kl. 16.00. Loddbøker på butikken. Det vert eit sal av årer, desse vert trekt i 4 omganger. Kaffimat. Tusen takk til alle som har gjeve flotte gevinstar!
- Årsmøte Herand bygdelag 2021 vert 20.03.2022 kl. 16.00.

Sak 2022/13: Økonomi:

- Rekneskap for 2021er ferdig revidert og klart for årsmøtet.
- Status søknader for tilskot til diverse vedlikehald ; kasserer sender ein søknad til Sparebankstiftinga Hardanger på ymse vedlikehald ved Herand kulturhus.

Sak 2022/14: Nærmiljøanlegget:

- Status og vidare framdrift for gjenståande arbeid; Sandvik Play var i Herand 26.01 og ferdig stilte alle apparata og la grafikk i gummidekket på leikeplassen. Det er henta inn tilbod på nytt kunstgras i bingen og på restarbeid/drenering/skraping av plassen.
- Status søknader for sluttfinansiering; prosjektgruppa har starta søking av midlar til div. vedlikehald av bingen, drenering/skraping av skuleplass, restarbeid leikeplass og benker. Me ser det som viktig at heile plassen rundt kulturhuset vert oppgradert.

Sak 2022/15: Andre saker/eventuelt:

- 17. mai komite; ny komite vert kalla inn av leiar for komiteen i 2021, Angunn H. Trå.
- Avtale leige av geiter; me signerer mottatt kontrakt.
- Brøyting kulturhuset: Thorleif tek ein dialog med brøytar om varsemnd rundt nærmiljøanlegget og tilkomst til gangveg.
- Landskapsparken; Berit Tuvin har gått ut av sitt verv i Landskapsparken. Angunn tek ein dialog med Marna rundt vidare arbeid i Landskapsparken.

Neste styremøte tysdag 08.03.22 kl. 19.00 på Herand kulturhus